

Eksamen

29.11.2016

HSE3002

Kommunikasjon og samhandling

Programområde: Vg3 Helsesekretær

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Når du løyser oppgåva, må du beskrive og begrunne vala dine. Kompetansen i faget (ut frå kompetansemåla i læreplanen) viser du ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">- presentere og bruke fagstoff, og begrunne synspunkt og forslag til oppgåveløysing- trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva- gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine- meistre relevante grunnleggande ferdigheiter- bruke eksempel der det er relevant- bruke fagterminologi, hjelpemiddel og eventuelle vedlegg på ein hensiktsmessig og etterretteleg måte.
Andre opplysningar	Du skal svare på alle oppgåvene.

EKSAMENSOPPGÅVE

(Du skal svare på alle oppgåvene)

Du arbeider som helsesekretær på Sentrum legesenter saman med tre andre helsesekretærer og fem legar. Du har ein variert arbeidsdag, og her er nokre av arbeidsoppgåvene du skal utføre i dag.

1. Du skal forklare ein helsesekretærelev korleis du går fram når du har med verbalt aggressive pasientar å gjere, og du skal begrunne vala dine.
2. Ein buss har nettopp køyrt utfor vegen i nærleiken, og nokre av passasjerane er skadde og køyrde til sjukehus. Ein av passasjerane, ei dame i 50-åra, kjem til legesenteret. Ho er psykisk sjokkert etter hendinga. Korleis kommuniserer du med henne? Begrunn vala dine.
3. Jens, 6 år, protesterer mot å ta blodprøve. Mor hans liker ikkje at guten protesterer. Korleis handterer du denne situasjonen? Begrunn vala dine.
4. Når du skal kommunisere med svært gamle pasientar, må du ta omsyn til normale aldersforandringar. Korleis vil du kommunisere med ein sterkt aldrande pasient? Begrunn vala dine.
5. Du står overfor ein situasjon som er ei etisk utfordring for deg. Korleis vil du handtere ein slik situasjon? Begrunn vala dine.

Bokmål

Eksamensinformasjon


Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Når du løser oppgaven, må du beskrive og begrunne dine valg. Din kompetanse i faget (ut fra kompetansemåla i læreplanen) viser du ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">- presentere og bruke fagstoff, begrunne synspunkt og forslag til oppgaveløsning- trekke inn ulike synspunkt og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven- gjøre rede for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine- mestre relevante grunnleggende ferdigheter- bruke eksempler der det er relevant- bruke fagterminologi, hjelpemiddel og eventuelle vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte.
Andre opplysninger	Du skal svare på alle oppgavene.

EKSAMENSOPPGAVE

(Du skal svare på alle oppgavene)

Du arbeider som helsesekretær på Sentrum legesenter sammen med tre andre helsesekretærer og fem leger. Du har en variert arbeidsdag, og her er noen av arbeidsoppgavene du skal utføre i dag.

1. Du skal forklare en helsesekretærelev hvordan du går fram når du har med verbalt aggressive pasienter å gjøre. Begrunn dine valg.
2. Det har akkurat vært en utforkjøring med en buss i nærheten, og noen av passasjerene er skadet og kjørt til sykehus. En av passasjerene, en dame i 50-årene, kommer til legesenteret. Hun er psykisk sjokkert etter hendelsen. Hvordan kommuniserer du med pasienten? Begrunn dine valg.
3. Jens, 6 år, protesterer mot å ta blodprøve. Hans mor liker ikke at gutten protesterer. Hvordan håndterer du denne situasjonen? Begrunn dine valg.
4. Når du skal kommunisere med svært gamle pasienter, må du ta hensyn til normale aldersforandringer. Hvordan vil du kommunisere med en sterkt aldrende pasient? Begrunn dine valg.
5. Du står overfor en situasjon som er en etisk utfordring for deg. Hvordan vil du håndtere en slik situasjon? Begrunn dine valg.



www.vigoiks.no/eksamen